

Sigurd Skirbekk: **Språkstriden på 1950-talet,**

(Ein forkorta versjon av denne teksten er trykt i *Dag og Tid*: 27. april 2018)

Artikkelen “Tapt land”, skriven av redaktør Svein Gjerdåker (Dag og Tid 13. april 2018), fortener oppfølgingar. Gjerdåker, som er frå Voss, fortel om korleis språkstoda har utvikla seg i Trøndelag. Nord-Trøndelag, der 63 prosent av skuleelevane hadde nynorsk i 1946, tapte nynorsken alle skulekrinsane i dei etterfølgjande tiåra. I Sør-Trøndelag, der 29 prosent av elevane hadde nynorsk som opplæringsmål i 1950, tapte nynorsken den siste skulekrinsen i fylket for eit par år sidan, med 62 mot 89 røyster. I dag er det ingen nynorske skulekrinsar igjen i heile Trøndelag.

I Hedmark fylke har vi sett ei liknande utvikling. På slutten av 1940-talet var det nynorskkrinsar i både Elverum, Trysil, Tynset, Folldal og Alvdal. Innstillinga den gong var at sjølv sagt ville norskdomen sigra i Norge. Det var det vi hadde kjempa for under krigen. Spørsmålet var om vi skulle gå over til norsk mål i eitt eller fleire steg. Mange forfattarar skreiv på nynorsk. På Hamar kom det ut to dagsaviser på bokmål: *Hamar Stiftstidende* (1847 – 1971) og *Hamar Arbeiderblad* (1925 -), samstundes som vi hadde ei vekevis på nynorsk som vart trykt på Hamar, (*Austland* 1922-1965). *Årbok for Glåmdalen* (1941-1967) vart i heile denne perioden redigert på nynorsk.

Hedmark fylke har siste hundreåret fostra fleire skjønnlitterære forfattarar som alle skreiv eit meir eller mindre normalisert nynorsk.. Det gjaldt Ivar Mortenson Egnund, Arnljot Eggen, Hulda Garborg, Halvor Floden, Åsta Holt, Ola Jonsmoen, Sigmund og Sven Moren, Sigurd Nergaard, Åsmund Sveen og Halldis Moren Vesaas.

Moglege etterfølgjarar av desse tapte på mange måtar eit grunnlag for å vidareføra den nynorske tradisjonen, i alle fall i Hedmark. (Jan Inge Sørbø's skriv i verket *Nynorsk Litteraturhistorie*, side 637, at "Frå 1850 og til i dag har om lag 140 forfattarar debutert på nynorsk. Om lag halvparten har debutert etter 1965".)

På 1940-talet heldt vår familien Nynorsk Vekeblad, med teikneseriane Vangsgutane og Ingeniør Knut Berg på eventyr. Naboguten hadde Illustrert familieblad med teikneseriane Nils og Blåmann og Tom Trick. Familien til naboguten heldt Hjemmet med Knoll og Tott. Vi hadde Norsk Barneblad med Smørbukk. Eg kan ikkje minnst anna enn at vi lånte vekeblada av kvarandre, og var opptekne av kva teikeseriefigurane hadde funne på sidan sist, ikkje av kva målform dei nytta.

Dette var på 1940-talet. Så kom 1950-talet med ein til dels hatsk språkstrid. "Stikka" (Hamar Stiftstidene) kunne triumferande melda at no var nynorsken på landsbasis kome under 30 prosent. Målfolket innsåg at

dei ikkje lenger hadde vinden i ryggen, og la om kursen: Kunne ikkje folk innsjå at begge målformene hadde sine sterke og sine mindre sterke sider, og at Samnorsk kunne bli eit framtidsmål som tok opp i seg dei sterke sidene frå begge målformene?

I 1951 var det språkrøysting mellom elevane på Hamar Katedralskule. Då røysta fleirtalet av elevane for Samnorsk. - Men det var på 50-talet at normene frå lokalsamfunna for alvor vart utfordra av massemedia, som stort sett var distribuert og redigert frå Oslo. I fleire hundre år hadde Christiania vore koloni- og administrasjons-sete for regjeringa i København. Historieprofessor Øystein Rian, med eit spesiale på "Danskertida". har omtalt den norske hovudstaden som "den minst norske byen i Norge".

Byrjinga på 1950-talet var alt for nær krigens dagar til at "nasjonalisme" kunne verta eit mistenkeleggjort ord. Krigen vart jamt over oppfatta å ha vore ein strid mellom nasjonale hærstyrkar som ville forsvare sin suverenitet, mot ein overnasjonal imperialisme i tysk regi. Både tyske og britiske historikarar (Peter Alter, Anthony D. Smidt) har framheva at det er misvisande å kalla Hitler for ein prinsipiell "nasjonalist". (Jfr. dei norske nemningane frå den gong: "nasjonal haldning" og "landssvikarar".) Alt i alt er det mykje som tyder på at det var i nynorsk-distrikta på Nordvestlandet at nazistane fekk minst oppslutning, medan Oslo-området hadde flest nazistar.

Det var på denne tida at Riksmålsforbundet mobiliserte for fullt. Vi fekk "Foreldreaksjonen mot samnorsk". Mange støtta denne aksjonen, mellom anna fordi dei frykta at borna deira kunne bli utsette for erting og andre sanksjonar frå personar med status, dersom dei skreiv som dei talte.

Arnulf Øverland, som var fremste ideologen for denne aksjonen, talte og skreiv mykje, ikkje mot nynorsken, men mot samnorskprogrammet. I staden for to varianter av same språket som etter kvart kunne smelta saman til eitt språk, insiterte Øverland på at vi stod andsynes to språk, med kvar sin indre logikk. Det var fornorskinga av bokmålet han først og fremst var imot og som han så som utidig byråkratisk styring av "fri sprogutvikling". At ein slik "fridom" ville få sterke kapitalkrefter på si side, krefter som berre kunne balanserast av folkevalte politiske organ, sa han lite om.

Det motsette perspektivet tok utgangspunkt i norsk språkhistorie, frå gammalnorsk, over mellomnorsk og til nynorsk. Det var særleg bøndene som ved sin dialektbruk, hadde vore dei fremste berarar av den norske språktradisjonen. Ut frå dette synet var det dei danskorienterte embetsmennene og overklassa i byane som i første rekke hadde gått inn for ei samanblanding av dansk og norsk. (Med ei stemmes overvekt gjekk Lagtinget i 1929 inn for at denne språkvarianten burde heite "Bokmål" heller enn "Dansk-norsk".)

-“Vi har seiret”, uttalte Øverland på eit møte på Hamar i 1953, som om språkstiden var ein fotballkamp. For Øverland representerte både vedtekne og dels innarbeidde bokmålsformer eit for stort avvik frå normene for eit nedarva skriftleg “Riksmål”. Det var særleg dei tilletne hokjønnsformene i 1938-rettskrivinga han var imot. Han så dette som eit påfunn av byråkratiske skrivebordsosialistar, og som ein freistnad på å få folkeleg talespråk inn i ein dannet skriftnormal.

Når han valte å la nynorsken stå urørt, hadde det utan tvil samanheng med at han så denne spåkvarianten som eit minoritetsspråk, som med tida kunna døy ut av seg sjølv. I nær framtid var det ”vort sprog” som ville sigra.

I ettertid kan ein gjere seg tankar om samanhengen med denne “sigeren” og utviklinga av eit litt kjekt Oslodominert talespråk, med ein nokså grunn historieförankring. Eit språk er ikkje berre ein reiskap for kommunikasjon mellom folk i samtida, men er og eit repertoar av historisk utvikla mentalitetar og forståingsformer, som kan utviklast vidare, dersom vi i framtida blir stilte andsynes andre utfordringar enn dei som har prega samfunnsutviklinga dei siste tiåra, i vår del av verda.

I 1959 gjennomførte eg ei spørjeundersøking mellom innflytta bygdeundom i Oslo. Av dei seksti som eg intervjuar, var alle samde om at mentaliteten der dei kom frå var annleis enn den dei fann i Oslo. Ikkje ein

nemnde presset frå “bygdedyret” som grunnen til at dei hadde flytta til byen.

Dette var på ei tid då det var politisk korrekt å tala om kor homogent Norge var. Som ein reaksjon på dette spurde professor i sosialpsykologi ved Universitetet i Oslo , Ragnar Rommetveit, om kva som var likskapen mellom ein “vestmann” og ein typisk ungdom frå Oslo. Svaret han sjølv gav var “ingenting”. Gabriel Øidne skreiv ein artikkel i Syn og Segn i 1957 som han kalla “Litt om motsetninga mellom Austland og Vestland”.

Ein kollega av meg, Erling Albrechtsen, samnorskmann frå Bergen, fortalde at sume bergensarar hadde på spøk teke til orde for at landets nest største by burde riva seg laus frå Norge, for å avverja ein borgarkrig!

Mine egne erfaringar frå desse åra var ikkje like dramatiske. Men eg minnest at eg ved eit høve tenkte på den kulturelle avstanden mellom Hamar og Oslo. på byrjinga av 1950-talet. som større enn avstanden mellom Oslo og San Fransisco på midten av 1960-talet.

Det er underleg at ingen norske forskarar har villa analysera og skriva om den nasjonal-sosiale språkstriden på 1950-talet.
